

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 08.12.2006  
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth  
Saka gjeld: **Ortopedi i Helse Førde – endra styrevedtak**

**Arkivsak 0**

2005/31/310

**Styresak 131/06 B**

**Styremøte 14.12. 2006**

---

## Bakgrunn

Styret i Helse Vest behandla den 06.09.06 sak 75/06; *Endringar i tenestetilbodet i Helse Førde HF – ortopedi i Lærdal*. Det blei gjort slikt vedtak:

1. *Styret viser til vedteke revidert budsjett for 2006 for helseføretaka og til resultatkrav 2006 (Styresak 53/2006) og til Helse Førde HF si oppfølging av dette i styresak 39/2006 (Helse Førde HF).*
2. *Styret vil peike på at vurderingane av tenestetilbodet innan ortopedi i Helse Førde HF har vore samanfallande over tid. Dei føreslegne endringane for ortopedien ved Lærdal sjukehus er tilpassingar og bryt ikkje med tidlegare vurderingar og vedtak. Styret meiner at krava til forsvarlege helsetenester er ivareteke ved dei endringane som er gjort i Helse Førde HF knytt til styresak 39/2006 i Helse Førde HF.*

Helse Vest RHF godkjente gjennom dette vedtaket at Helse Førde gjorde endringar i det ortopediske tilbodet ved Lærdal sjukehus.

Saka er på nytt tatt opp til behandling i styret i Helse Førde HF.

Styret i Helse Førde HF har i møte den 6. desember 2006 behandla sak 69/06; *Ortopedi i Helse Førde – vidare arbeid*. Styret gjorde følgjande einstemmige vedtak:

1. *Styret syner til vedtak 39/06 / 47/06 punkt 3.4 vedrørande ortopedisk verksemd ved Lærdal sjukehus.*
2. *Det vert vidare synt til faggruppe ortopedi i Helse Førde sitt arbeid med slutføring av fagplan for ortopediske tenester i Helse Førde.*
3. *Styret ønskjer å sjå tidlegare vedtak i sak 39/06 / 47/06 saman med faggruppe ortopedi sitt arbeid. Med bakgrunn i det ber Styret adm. dir om å legge fram sak om fagområde ortopedi så snart dette er mogeleg. Dette gjer at vedtak 39/06 / 47/06 punkt 3.4 vert oppheva.*

I sak 39/06 punkt 3.4, blei det bestemt at Ortopedisk verksemd ved Lærdal sjukehus skulle reduserast til å omfatte i hovudsak poliklinikk/dagkirurgi. Det var ein føresetnad at det skulle vere igjen om lag 6 senger til ortopedisk og urologisk verksemd ved Lærdal sjukehus. Denne sengeposten skulle driftsmessig samordnast (felles) med medisinsk sengepost. Akuttberedskapsen for ortopedisk kirurgi på Lærdal sjukehus skulle vera uforandra. Endringane skulle gjerast med verknad frå 01.10.2006.

Det var dette vedtaket som låg til grunn for Helse Vest si behandling i styresak 75/06. Som ein konsekvens av at Helse Førde har oppheva punkt 3.4 i vedtak 39/06, blir det her lagt fram ny sak for styret i Helse Vest RHF.

## Kommentarar

Ortopediklinikken i Lærdal blei oppretta for å kunne gi eit tilbod til pasientar som i hovudsak var busett utanfor Helse Førde sitt opptaksområde. Som kjent har føresetnadene for opprettinga ikkje latt seg oppfylle. Ordninga var også problematisk i høve til prioritering av pasientar og retten til fritt val av sjukehus. Helse Vest RHF har derfor avvikla ordninga og den særskilte finansieringa av aktiviteten.

Styret i Helse Førde har i møte 31.03.2006 vedteke at det skal lagast ein heilskapleg plan for dei ortopediske tenestene i Helse Førde. Denne planen skal også innehalde ein plan for Helse Førde sitt ansvar som utdanningsinstitusjon innan ortopedi. Planen skal nyttast som grunnlagsdokument i det pågåande arbeidet med ny strategi for lokalsjukehusa.

Mandat for arbeidet:

Med grunnlag i helsetenestelovene og styringsdokumentet skal gruppa:

1. vurdere kva innhald og dimensjon ortopeditilbodet i Helse Førde må ha for å vere fagleg forsvarleg
2. vurdere kva tilbod og funksjonar ortopedi i Helse Førde må ha for å kunne vere ein utdanningsinstitusjon som møter krava til spesialistutdanning og turnusteneste for legar og er ein fagleg kompetent undervisningsstad for medisinstudentar
3. diskutere og kome med forslag til lokalisering og oppgåvefordeling mellom institusjonane i Helse Førde på bakgrunn av
  - kravet til fagleg forsvarlege utforming, plassering og fordeling av ortopeditenestene,
  - brukarane sine ynskje om nærleik og tilgjenge og
  - kravet til effektiv bruk av ressursane i Helse Førde.

Arbeidet blei skyvd noko ut i tid grunna sentralt arbeid med avklaringar m.a. av lokalsjukehusa si rolle i høve til akuttberedskap. Etter at Nasjonal helseplan vart lagt fram, starta gruppa opp att arbeidet med den nye fagdirektøren i Helse Førde som leiar. Styret ønskjer no å sjå dette arbeidet i saman med ortopeditilbodet ved Lærdal sjukehus.

Styret har på denne bakgrunn oppheva vedtaket i sak 39/06 punkt 3.4.

I etterkant av Helse Vest sitt styremøte den 6. september 2006 blei det varsla føretaksmøte i Helse Vest. Sidan saka om innkjøpspraksisen ved Lærdal sjukehus – ortopediklinikken kom opp og det vart oppretta tilsynssak frå Helsetilsynet vart føretaksmøtet utsett/avlyst. Vi viser her til AD si orientering i styremøte 11.10.2006.

Helse Førde sitt styre har etter dette handsama rapport frå internrevisjonen og Helsetilsynet om Ortopediklinikken i Lærdal.

Det har vore mykje uro rundt det ortopediske tilbodet i Lærdal. Styreleiar i Helse Førde har drøfta dette med Helse Vest, og det er semje om at fagområdet ortopedi i Helse Førde no må inn i eit betre spor.

## Vurdering

Styret i Helse Førde har oppheva punkt 3.4 i sak 039/06 om ortopedisk tilbod i Lærdal. Faggruppa har fått nytt mandat for sitt arbeid og skal mellom anna kome med forslag til lokalisering og oppgåvefordeling mellom institusjonane i Helse Førde.

Rapporten frå faggruppa skal behandlast av styret i Helse Førde. Det er naturleg at rapporten også blir sett i samanheng med dei føringar som kjem i mars 2007 når sentralt arbeid om innhaldet i lokalsjukehusa vert presentert.

Helse Vest RHF har forståing for at Helse Førde HF ønskjer å sjå tilbodet ved Lærdal sjukehus i samanheng med det pågåande planarbeidet innan ortopedi i føretaket.

Helse Vest har såleis ikkje merknader til at vedtaket i punkt 3.4 i sak 39/06 blir oppheva.

## Forslag til vedtak

1. Helse Vest RHF viser til vedtaket i Helse Førde HF i sak 69/06; *Ortopedi i Helse Førde – vidare arbeid.*
2. Med bakgrunn i styresak 69/06 i Helse Førde; *Ortopedi i Lærdal – vidare arbeid*, blir vedtaket i styresak 75/06 i Helse Vest RHF oppheva.